

MØTEPROTOKOLL

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs

Møtedato: 18.12.2007

Stad: Kommunestyresalen (til kl 12) og Hemsens (etter kl 12)

Handsama saker: Frå nr. 103 - 112

Frå kl. 09:00 til kl. 14:00

Innkalte:

Funksjon	Navn	Forfall	Møtt for
Leiar	Anne Kjersti Frøyen		
Medlem	John Storhaug		
Nestleiar	Birger Jorde		
Medlem	Sigmund Tveitehagen	FO	
Medlem	Mette Feten		
Medlem	Knut Haug		
Medlem	Lise Løvdokken Stolen		
Varamedlem	Sigrid Guri Roen		Sigmund Tveitehagen

Diverse merknader:

Frå administrasjonen møtte Kjell Kløve (sak 103), Borgar Underdal (sak 104), Olav Warberg (sak 105-107), Helge Torsgard (sak 108), Jan-Petter Vad (sak 109), Trond-Erik Buttingsrud (sak 103, 110-111) og Reidun Aaker (heile møtet)

Underskrifter:

..... Anne Kjersti Frøyen John Storhaug Birger Jorde
..... Sigmund Tveitehagen Mette Feten Knut Haug
..... Lise Løvdokken Stolen Sigrid Guri Roen

Møteprotokollen er sendt:

Medlemmene, 1. varamedlemmer, ordførar, rådmann, økonomiavdelinga, kommunelege I, 10.2 representant, medlemmene i kontrollutvalet, servicetorget, Ål bibliotek, Hallingdølen og Radio Hallingdal.

SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
103/07	07/1931	MELDINGAR TIL MØTE I STNR 20.11.07
104/07	07/486	56/9 - KLAGE PÅ VEDTAK SØKNAD OM DISPENSASJON BRUKSENDRING FRÅ BUSTAD TIL FRITIDSBUSTAD
105/07	03/1285	112/62 NY SØKNAD OM DISPENSASJON - BYGGING AV HYTTE I LNF3-OMRÅDE, KVINNEGARDSLIA
106/07	07/1900	REGULERINGSENDRING - PLANFØRESEGNER - NYSETLIE - LEVELD - 1. GONGS HANDSAMING
107/07	06/1202	113/4 - KLAGE PÅ VEDTAK OM NY KLEDNING OG NYE TAKPLATER PÅ STØLSBU, VALLO
108/07	07/1457	63/22 - KONSESJON VED KJØP AV HYTTETOMT - KNUTSTØLHOVDA - KIRSTEN MURI BOBERG OG BJØRN BOBERG
109/07	05/753	1.GONGS HANDSAMING REVIDERING AV REGULERINGSPLAN - ØVRE-ÅL BUSTADFELT
110/07	07/275	SNØSKUTERLØYVE/MOTORFERDSEL I UTMARK 2007 - DAVID SJEMMEDAL
111/07	07/1853	SYNINGEN FJELLPARK AS - SØKNAD OM SCOOTERLØYVE
112/07	07/1935	AVFALLSPLAN 2007 - 2010

Saksnr. 103/07

MELDINGAR TIL MØTE I STNR 20.11.07

Rådmannen si innstilling:

Ingen

Handsaming:

Kjell Kløve orienterte om organisering og arbeidsoppgåver til drifts- og vedlikehaldsavdelinga.

Trond-Erik Buttingsrud orienterte om regulering av Oppsjøtippen til næringsområde (sentrumsnært, med vatn og avlaup og lett industri, tett utnytting)

Motorsportbane vart drøfta, STNR handsamer søknad om forlenga dispensasjon i januar-møtet.

Vedtak:

Meldingane vart tekne til orientering. Ingen vedtak gjort.

Saksnr. 104/07

56/9 - KLAGE PÅ VEDTAK SØKNAD OM DISPENSASJON BRUKSENDRING FRÅ BUSTAD TIL FRITIDSBUSTAD

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) opprettheld vedtaket i delegert sak 324/ 07 datert 30.10.07 og tek ikkje klagen til følgje. Grunngevinga for vedtaket er at klagen ikkje inneheld nye opplysningar som gjev særlege grunnar til å gje dispensasjon. STNR finn ikkje grunn til å koma med merknadar til sakshandsaminga.

Klaga vert oversendt fylkesmannen i Buskerud for endeleg avgjerd. STNR ber Fylkesmannen vurdere om han på bakgrunn av si rolle i saka kan vera ugild.

Handsaming:

Følgjande framlegg frå Knut Haug (H) vart samrøystes vedteke:

Saka vert utsett for synfaring 22. januar kl 9:15. Saka vert og utsett av di delegert vedtak m/saksutgreiing i sak 324/07 ikkje fylgjer med som vedlegg i saka. Av saksframstillinga går det ikkje fram om det er gjeve nabovarsel slik lova krev jf Plan- og bygningslova §7 og §94 nr 3. Dette må vera på plass før handsaming i sekorutvalet

Vedtak:

Følgjande framlegg frå Knut Haug (H) vart samrøystes vedteke:

Saka vert utsett for synfaring 22. januar kl 9. Saka vert og utsett av di delegert vedtak m/saksutgreiing i sak 324/07 ikkje fylgjer med som vedlegg i saka. Av saksframstillinga går det ikkje fram om det er gjeve nabovarsel slik lova krev jf Plan- og bygningslova §7 og §94 nr 3. Dette må vera på plass før handsaming i sekorutvalet

Saksnr. 105/07

112/62 NY SØKNAD OM DISPENSASJON - BYGGING AV HYTTE I LNF3-OMRÅDE, KVINNEGARDSLIA

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 20-6 å avslå søknaden om dispensasjon frå LNF3-føremålet i kommuneplan for Ål, for bygging av hytte på tidlegare frådelt hyttetomt 112/63 i Kvinnegardslia. Grunngevinga for vedtaket er at STNR finn det samfunnsmessig uheldig å opna for ei ytterlegare blanding av hytter og bustader i grenda. STNR finn ikkje overvekt av særlege grunnar til å dispensera i denne saka – jf. pbl. § 7. Etter STNR sitt skjønn vil det vera meir hensiktsmessig å stimulera til fast busetnad i grenda. STNR stiller seg difor positiv til bygging av bustad på tomta.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan 3 veker frå vedtaket er motteke.

Handsaming:

Følgjande framlegg frå Knut Haug (H) vart samrøystes vedteke:

Før STNR handsamar om 112/62 framleis skal vera fritidseigedom, noko som krev dispensasjon frå kommuneplan, ber STNR søkjaren innhenta nabovarsel i samsvar med Plan- og bygningslova § 7, og §94 nr 3.

Vedtak:

Før STNR handsamar om 112/62 framleis skal vera fritidseigedom, noko som krev dispensasjon frå kommuneplan, ber STNR søkjaren innhenta nabovarsel i samsvar med Plan- og bygningslova § 7, og §94 nr 3.

Saksnr. 106/07

REGULERINGSENDRING - PLANFØRESEGNER - NYSETLIE - LEVELD - 1. GONGS HANDSAMING

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 27-1 nr. 2 å leggja følgjande endringar av føresegnene i reguleringsplan for Nysetlie-Leveld ut til offentleg ettersyn:

- Mønehøgde skal ikkje overstiga 6 meter målt frå gjennomsnittleg planert terrengnivå rundt bygningen.
- Grad av utnytting er 236 m2 BYA. Kvar tomt kan byggast ut med 1 hytteeining. Hytte og anneks kan til saman utgjera inntil 150 m2 BYA. Anneks kan vera på inntil 30 m2 BYA. Uthus kan vera på inntil 50 m2 BYA. Det skal avsetjast 2 parkeringsplassar på kvar tomt. Eventuell kjellar skal halda seg innanfor bygget sitt fasadeliv.
- Det er høve til å gjerda inn inntil 300 m2 av tomta inklusiv bebyggelsen, under føresetnad av at det vert nytta sauesikkert gjerde.

Handsaming:

Knut Haug stilte spørsmål om sin habilitet.
Mette Feten stilte spørsmål om sin habilitet.

Eit samrøystes STNR gjekk inn for at dei to ikkje var ugilde og difor kan delta i handsaminga av saka.

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg: ”Grindar må slå utover.”

Vedtak:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 27-1 nr. 2 å leggja følgjande endringar av føresegnene i reguleringsplan for Nysetlie-Leveld ut til offentleg ettersyn:

- Mønehøgde skal ikkje overstiga 6 meter målt frå gjennomsnittleg planert terrengnivå rundt bygningen.
- Grad av utnytting er 236 m2 BYA. Kvar tomt kan byggast ut med 1 hytteeining. Hytte og anneks kan til saman utgjera inntil 150 m2 BYA. Anneks kan vera på inntil 30 m2 BYA. Uthus kan vera på inntil 50 m2 BYA. Det skal avsetjast 2 parkeringsplassar på kvar tomt. Eventuell kjellar skal halda seg innanfor bygget sitt fasadeliv.
- Det er høve til å gjerda inn inntil 300 m2 av tomta inklusiv bebyggelsen, under føresetnad av at det vert nytta sauesikkert gjerde. Grindar må slå utover.

Saksnr. 107/07**113/4 - KLAGE PÅ VEDTAK OM NY KLEDNING OG NYE TAKPLATER PÅ STØLSBU, VALLO****Rådmannen si innstilling:**

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs opprettheld vedtaket i sak 230/06, 19.09.06, og tek ikkje klagen til følgje. Grunngevinga for vedtaket er at klagen ikkje inneheld nye opplysningar av vesentleg karakter for utfallet av saka.

Klaga vert oversendt fylkesmannen i Buskerud for endeleg avgjerd.

Handsaming:

Følgjande omforeinte framlegg vart samrøystes vedteke:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) tek klaga av 22.11.06 til fylgje og godkjenner byggemelding omjort til byggesøknad av administrasjonen i Ål kommune på ny liggande kledning og nytt tak av matte takplater tilpassa bygget og området bygget ligg i. STNR seier seg lei for at det har gått så lang tid for søkjaren får endeleg svar.

Vedtak:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) tek klaga av 22.11.06 til fylgje og godkjenner byggemelding omjort til byggesøknad av administrasjonen i Ål kommune på ny liggande kledning og nytt tak av matte takplater tilpassa bygget og området bygget ligg i. STNR seier seg lei for at det har gått så lang tid for søkjaren får endeleg svar.

Saksnr. 108/07

**63/22 - KONSESJON VED KJØP AV HYTTETOMT - KNUTSTØLHOVDA -
KIRSTEN MURI BOBERG OG BJØRN BOBERG**

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i konsesjonslova § 4, å gje konsesjon ved kjøp av hyttetomta gnr 63, bnr 22 i Ål kommune. Vilåret for avgjerda er at tomta blir utbygd innan 10 år.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Saksnr. 109/07

**1.GONGS HANDSAMING REVIDERING AV REGULERINGSPLAN - ØVRE-ÅL
BUSTADFELT**

Rådmannen si innstilling:

Med heimel i Plan- og bygningsloven § 27-1 vedtek Sektorutval for teknisk, næring og ressurs å legge revidert reguleringsplan for Øvre-Ål bustadfelt med tilhøyrande føresegner ut til offentleg ettersyn i 5 veker.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Saksnr. 110/07

SNØSKUTERLØYVE/MOTORFERDSEL I UTMARK 2007 - DAVID SJEMMEDAL

Rådmannen si innstilling:

Med heimel i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 6, har Sektorutval for teknisk, næring og ressurs gjeve Byggmester David Sjemmedal løyve til bruk av skuter i si verksemd. Løyvet er avgrensa til hytteområda i Ål utanom LNF-villreinområda og tidsavgrensa fram til 31.12.2010.

Bakgrunn for vedtaket er at det er ei etablert verksemd som søker om naudsynt køyring som ein del av drifta av verksemda. Vi ser det som lite teneleg at dei må bruke leigekøyrarar då dei ofte må ha med seg mykje utstyr og må vera fleksibel i forhold til transport til og frå arbeidsstaden. Køyringa vil i liten grad vera ei ekstra ulempe for miljøet då køyringa vil vera knytt opp til etablerte hytteområde. Det er likevel naudsynt å minne om at arbeid på hytter med sommarveg bør i størst mogleg utstrekning utførast i barmarksperioden. Søkjar vert pålagt å levere køyrebok etter kvar sesong.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Saksnr. 111/07

SYNINGEN FJELLPARK AS - SØKNAD OM SCOOTERLØYVE

Rådmannen si innstilling:

Dykkar søknad om å nytte snøskuter til gjennomføring av skirenn på Opheimsåsen siste helga i mars er delvis i møte komen.

Med heimel i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 6, har Sektorutval for teknisk, næring og ressurs gjeve Syningen fjellpark AS løyve til bruk av snøskuter til gjennomføring av skirenn på Opheimsåsen. Løyvet er avgrensa til følgjande punkt:

1. Stikking av ny løypetrasé mellom Ringhovd og Syningstølen i januar.
2. Bruk av 3 snøskutarar til gjennomføringa av skirennet 27. til 30. mars.

Det vert ikkje gjeve løyve til etablere transport løype mellom Torsteinslåtta og Kylleshamaren. Eksisterande løypenett i området skal nyttast. Før ny trasé mellom Ringhovd og Syningstølen kan etablerast må Syningen fjellpark AS innhente løyve frå grunneigarar. Syningen fjellpark AS må inngå avtale med Torpo Skiløypelag om tråkking og vedlikehald av ny trasé.

Administrasjonen skriv ut løyveseddel på bakgrunn av dette vedtaket og opplysningar frå søkjar.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Saksnr. 112/07

AVFALLSPLAN 2007 - 2010

Rådmannen si innstilling:

Ål kommune vedtek Avfallsplan for Hallingdal 2007 – 2010.

Avfallsplanen skal rullerast innan 31.12.2010.

I samband med neste rullering av planen og ved etablering av ny avtale med transportør ber

Ål kommune om at det:

- vert oppretta ordning der ekstra glas som abonnentane set ved sida av avfallsstativet kan takast med.
- vert arbeidd med å opprette ein henteordning for drikkekartong innanfor økonomisk akseptable rammer.
- vert innført innsamling av plastemballasje om vesentleg større del av innsamla materiale enn i dag kan gå til attvinning.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg:

Ål kommunestyre ber om at Ål kommune sitt innspel om felles tilsyn med næringsavfall, feittavskiljarar, oljeavskiljarar og med separate avlaupsanlegg vert vurdert lagt til Hallingdal Renovasjon i samband med neste rullering av planen eventuelt tidlegare i regi av Regionrådet.

Ål kommunestyre ber Hallingdal Renovasjon ta opp arbeidet med å få utarbeidd felles avfallsforskrifter for alle Hallingdalskommunane.

Vedtak:

Ål kommune vedtek Avfallsplan for Hallingdal 2007 – 2010.

Avfallsplanen skal rullerast innan 31.12.2010.

I samband med neste rullering av planen og ved etablering av ny avtale med transportør ber

Ål kommune om at det:

- vert oppretta ordning der ekstra glas som abonnentane set ved sida av avfallsstativet kan takast med.
- vert arbeidd med å opprette ein henteordning for drikkekartong innanfor økonomisk akseptable rammer.
- vert innført innsamling av plastemballasje om vesentleg større del av innsamla materiale enn i dag kan gå til attvinning.

Ål kommunestyre ber om at Ål kommune sitt innspel om felles tilsyn med næringsavfall, feittavskiljarar, oljeavskiljarar og med separate avlaupsanlegg vert vurdert lagt til Hallingdal Renovasjon i samband med neste rullering av planen eventuelt tidlegare i regi av Regionrådet.

Ål kommunestyre ber Hallingdal Renovasjon ta opp arbeidet med å få utarbeidd felles avfallsforskrifter for alle Hallingdalskommunane.